

Det er oppdaga skabb på skolen

Barnet ditt er ein del av ein klasse eller eit trinn der eit barn/ein tilsett har fått skabb – eit hudutslett som kjem av skabbmidd; ein liten parasitt som kan leve i huda vår. Her får du vite kva skolen gjer for å stoppe smitta, og kva de som foreldre/føresette skal gjere. Hugs at det er inga skam i å få skabb – alle kan få det. Det er heller ikkje farleg, men det kan vere plagsamt.

Symptom

- Kraftig kløe (ofte verre om natta og ved svetting)
- Små nuppar eller blemmer i huda, ofte først på hender, deretter på større delar av kroppen.
- Det tek vanlegvis opptil 4 veker frå ein får skabb til ein merkar symptoma, men dersom ein har hatt skabb før, kan det ta så kort tid som 1-3 dagar.

Dette gjer skolen

Skulen samarbeider med kommunelegen. Nærkontaktar som skulen kjenner til, og som bør behandlast, får beskjed om dette. Skulen reingjer òg aktuelle tekstilar, slik som møblar, klede til utlån og tøyleiker som høyrer til skulen.

Kva er ein nærkontakt?

Ein nærkontakt er ein person som den smitta har hatt tett hudkontakt med (vanlegvis lenger enn 15 minutt om gongen) i løpet av dei siste fire vekene, eller som den smitta har delt sengetøy, klede eller handklede med.

Til deg som har eit barn som er nærkontakt

- Nærkontaktar kan vere smitta utan å ha fått symptom enno, og vert derfor anbefalt å få førebyggjande behandling. Gjennomfør behandlinga akkurat slik den er beskriven (sjå lenke til eige skriv på neste side), uansett om barnet har symptom eller ikkje.
- Hald barnet heime frå skulen i 24 timar etter at behandlinga er starta, slik at behandlinga får virka. Barnet kan deretter kome tilbake på skulen.
- Gjenta same behandling etter 7 dagar. Dette er viktig for å sikre at skabben ikkje kjem tilbake dersom barnet var smitta. Barnet treng ikkje vere heime frå skulen etter andre behandlingsrunde, men hugs at hud som vasket i løpet av dei første 24 timane må smørjast på nytt.

Til deg som har eit barn som ikkje er nærkontakt

- Følg med på om barnet får symptom i løpet av dei neste 4 vekene.
- Kontakt lege for hjelp og rettleiing dersom det dukkar opp symptom.
- Varsle skolen om barnet får symptom.

Til deg som har eit barn som er smitta

- Sørg for at nærkontaktane til barnet som ikkje går på skulen, til dømes andre vener og familie-medlemmar, får beskjed (sjå definisjon på nærkontaktar). Dei bør behandlast for skabb samtidig med ditt barn – uansett om dei har symptom eller ikkje. Skabb forsvinn ikkje av seg sjølv, og skal alltid behandlast. Gjennomfør behandlinga akkurat slik den er beskriven (sjå lenke til eige skriv nedst på denne sida).
- Hald barnet heime frå skulen i 24 timar etter at behandlinga er starta. Etter dette er smitten under god nok kontroll til at barnet kan vere på skulen igjen.
- Gjenta same behandling og tiltak etter 7 dagar. Dette er viktig for å sikre at skabben ikkje kjem tilbake. Barnet treng ikkje vere heime frå skulen etter andre behandlingsrunde, men hugs at hud som vasket i løpet av dei første 24 timane må smørjast på nytt.

Slik smittar skabb

Skabb smittar oftast ved hudkontakt, men sjeldan ved kortvarig kontakt. Risikoen er størst dersom hudkontakten varer i 15 minuttar eller lenger. Generelt aukar risikoen for smitte i situasjonar der personar er tett på kvarandre over tid.

Smitte kan òg skje via handklede, sengetøy, klede og andre tekstilar som den smitta nyleg har brukt.

Behandling mot skabb

Informasjon om aktuelle legemiddel og korleis ein gjennomfører behandling mot skabb ligg på FHI sine nettsider: www.fhi.no/behandling-skabb.